



Bente Kopperdal Hervik

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1230 - 17/13944

Saksbehandlar:

Ingrid Didriksen

ingrid.didriksen@rady.kommune.no

Dato:

09.11.2017

Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - utbetra manglar

Bygging av HC toalett ved Nesvatnet

Anleggsnummer: 72374

Førehandsgodkjenninga gjeld bygging av HC toalett ved Nesvatnet

1. Behovsoppgåve

Informasjon om området

Området ved Nesvatnet er eit friluftsområde som er mykje nytta av lokalbefolkinga, av skular, barnehagar og ungdomsklubben. Området er allereie tilrettelagt med sandvolleyballbane, stupebrett, bålpllass, gapahuk og det er også vedtatt ein universell utforma turveg som skal gå gjennom like ved, noko som vil gjera at området vert endå meir nytta. Delar av denne turvegen er bygd.

Informasjon om tiltaket

Radøy kommune har planlagt å setja opp eit toalett på 2,5x2,6 meter i friluftsområdet ved Nesvatnet (gnr 45/127). Toalettet vert plassert i eit mykje bruk friluftsområde, og vil stimulere til auka bruk av området. Staden der toalettet er tenkt sett opp, er kring 32 meter frå Nesvatnet. Det vil vere direkte tilkomst til toalettet frå turvegen.

Det er ingen tilsvarande bygg i nærleiken.

2. Utgreiing/beskriving av universell utforming

Toalettet er eit handikap toalett og vil vere universelt utforma, og også tilkomsten vert universelt utforma.

Post

postmottak@rady.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.rady.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Tilkomst:

Tilkomsten vil vere frå den universelt utforma turvegen som er bygget i området. Denne vert utforma tilsvarande turvegen og det vert ein plattin framfor inngang til toalett slik at det vert enkelt tilkomst for alle. Døra inn til toalett vert sjølvlukkande med dørspnar, i kontrast farge til vegg, med bøyelgrep på innsida, bred dør bredde og utadslåande dør med plass på begge sider for å opne og lukke dør.

Toalett innvendig:

Innreiing av toalett vert også universelt utforma. Det skal innreiast med godkjent handikap WC med arm støttar og universelt plassert vask (dvs at det må vere plass under vask med tanke på rollestol og plassert i riktig høgde). I tillegg skal plassering av søppelbøtte, såpedispenser, tørkepapirhaldar vere universell og farge skal vere i kontrast til vegg.

3. Utgreiing/beskriving av arkitektur, estetikk og miljøforhold

Tiltaket vil ikkje medføra terrenginngrep då staden toalettet er tenkt plassert, er ferdig planert. Det vil berre vera naudsynt å grave av massar og fylle på grus. Framfor tenkt plassering ligg det eit pumpehus og toalettet vil verte bygd i same stil som dette. Andre bygg som står i området er eit gammal tømra kverrnehus med torv på taket, og ein relativt ny Gapahuk. Desse er også bygd i same stil som pumpehuset.

4. Plass i kommunal plan

Toalettet er med i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø og også med i prioritert handlingsprogram for ordinære anlegg 2017-2021. Vidare har Bergen og omegn friluftsråd (BOF) sett etablering av toalett som føresetnad for å engasjere seg i vidare utvikling av området ved Nesvatnet.

5. Kostnadsoverslag: Førehandskalkyle frå tilbod frå leverandør

Bygging av nytt toalett	kr 448 925,-
-------------------------	--------------

Ufousett + førehandsarbeid	kr 44 900,-
----------------------------	-------------

<u>Administrasjonskostadar tilbodsinnhenting etc.</u>	kr 22 440,-
-------------------------------------------------------	-------------

<u>Sum kostnadar. Grov Kalkyle inkl. mva.</u>	kr 516 265,-
-----------------------------------------------	--------------

6. Finansiering

Kommunen forskoterer alle kostnadar sjølv. Kommunen betaler også for til drifta av toalettet.

Med helsing

Ingrid Didriksen
Prosjektleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Planteikning - toalett
Situasjonsplan - toalett
Snittteikning - toalett

Mottakarar:

Bente Kopperdal Hervik